



// REFERAT

Møte I til brukarutvalet for NAV Vestland 28.11.2025

Til stades:

FFO Vestland – Gunn Sande
FFO Vestland – Anfinn Hammer Feng
FFO Vestland – Else-Berit Helle
FFO Vestland – Mette Magdele Midtseter
FFO Vestland – Aslaug Kalstad
Unge Funksjonshemma – Heidi Melum
SAFO Sørvest – Ingeleiv Haugen
SAFO Nordvest – Brit Galaasen
Vestland Innvandraråd - Joyce Breeze Kamara
Kreftforeininga – Arvid Åsen
proLARnett Norge – Christine Lønne
LO Vestland – Elise Dåvøy
NAV Vestland – Katrine Marthinsen, avdelingsdirektør
NAV Vestland – Øyvind Urdal, seniorrådgjevar, sekretær for brukarutvalet
NAV Ytingslinja – Marianne Larsen Rysjedal
NAV Hjelpemiddelsentral Vestland – Frode Hovland
NAV Kontaktsenter Vestland – Helen Eidsvåg

Saks nr Sak

Sak 23-25 Møteinnkalling, godkjent. Kommentar. Ikkje alle visste kven som var vara for dei. Ønskeleg at det vert lagt ut ein oversikt over dette.

Sak 24-25 Sakliste, godkjent

Sak 25-25 Status for logg, gjennomgått og godkjent

Sak 26-25 Referat godkjent

Sak 27-25 Moglegheiter for reduserte/små stillingar for brukarar av Nav

Jarle Nymark Johannessen og Veronica Norevik Johnsen frå Nav Bergen jobbar begge som jobbspesialistar i satsinga sjukt bra jobb. Dei la fram korleis dei og andre jobbspesialistar får fram ressursane hos den einskilde brukar og med dette som utgangspunkt har kontakt med arbeidsgjevarar i sin arbeidsmarknadsregion for å få på plass god match for den einskilde. Økt aktivitet mot arbeidsgjevarar vert det også jobba med for alle rettleiarane i Nav kontora. Denne er kalla hybridmodellen og vil bli satsa meir på i åra som kjem. I dialogen under tema kom det opp at det no var mykje fokus på heiltid stillingar. Viktig då og halde fram «rett til heiltid moglegheit for deltidd». Nav ble bedt om å oppfordre arbeidsgjevarar som lyser ut 100% stillingar om å opne for reduserte stillingar i utlysingsteksten
Brukarutvalet ønsker økte ressursar til jobbspesialistar

Sak 28-25 Yrkesskade, melding, rettleiing m.m. sjå vedlegg

Sak 29-25 Yrkesskade, Yrkessjukdom, Når plagene utviklar seg slik at man seinare må ut av jobb

Sak 28 og 29 vart svart ut saman av Thomas Normann Johansen Frå Nav ytingslinja. Sjå fyldig presentasjon. Johansen tek med seg fleire innspel frå brukarutvalet. Med anna det å lage informasjonskampanjar, betre informasjon på nettsidene og sjå på moglegheitene av å lage eit søknadsskjema for føljeskadar. Johansen minner også om at det no er ut høyring mht. mogleg lovendring for belastningsskadar

Sak 30-25 Aktuell informasjon frå styringslinjene.

Kontaktsenteret informerte om utviklingstrekk i tenesta som at det er lita ventetid på telefon og chat og at mykje av førespurnader no gjeld spørsmål om jula. På spørsmål frå utvalet om dei merka dyrtida, var svaret klart ja, Dei fortalte og at dei gav inngangsrettleiing på yrkesskade spørsmål knytt til saka over

Sak 21-25-2 Lengd på representasjonstid i brukarutvalet for Nav Vestland

I dag er grensa for deltaking i brukarutvalet to pluss to år. Strategisk brukar utval oppmodar Nav Vestland om å opne for ei siste forlenging på to år til maks seks år (presentasjon vedlagt)
Nav Vestland svarar ut at dei vil følgje direktoratet sin praksis og opne for ei utviding på ytterlegare 2 år, altså totalt 6 år

Sak 31-25 Pressesaker om reduserte ressursar til Sjukt bra jobb. Kvifor skjer dette når ein skal satse på ungdom som står utanfor arbeidslivet

Fylkesdirektør Bjarthe Hysing-Olsen presenterte bakgrunnen for satsinga Sjukt bra jobb. Dette er ei einestående satsing i Nav Vestland som vil fortsette. Det er på ingen måte den einaste satsinga for ungdom. Endringa kom som følgje prioritering av knappe midlar, det er likevel et viktig arbeid som vil halde fram.

Sak 32-25 Søknad om uføretrygd som politisk aktiv

Øyvind Gausvik Oppedal presenterte korleis nav går fram for å vurdere inngangsvilkåra for uføretrygd. Oppsummert skal politikarar til like med andre søkarar om uføretrygd vurderast ut frå potensiell arbeidsevne. Då kan høg politisk aktivitet påverka korleis arbeidsevna blir vurdert

Sak 13-25-2a Referat frå sentralt brukarutval med informasjon om representasjon og arbeidet i dette

- Sentralt brukarutval (SBU) er eit rådgjevande organ for leiinga i Nav på strategisk nivå
- Det vert halde korte informative innleiingar dersom dette er viktig for å kunne drøfte ei sak
- Møta har form av «samskaping» for belysning og drøfting av sakene
- Det vert ikkje dokumentert kven som seier kva
- Det vert ikkje laga referat frå møta i SBU

Avdelingsdirektør Kathrine Martinsen følger opp dette og vil be om at praksisen vert endra.

Sak 13-25-2b Representasjon i Sentralt brukarutval med vara i parentes

- **FFO**, Grete Crowo (Helene Thon)
- **Kreftforeningen**, Lene Elnes (Marianne Rønning Torkelsen)
- **Mental Helse Ungdom**, Martine Antonsen (Vebjørn Leite Olsen)
- **RIO**, Øystein Indsetviken Høyby (Asbjørn Larsen)
- **SAFO**, Janne Skei (Marit Berg Eldegard)
- **VELFERDSALLIANSEN**, Anita Lesteberg (Elida Heløy)
- **ELEVORGANISASJONEN**, Benas Grubliauskis (August Østby)
- **UNGE FUNKSJONSHEMMEDE** Benedicte-Marie Lio (Isabel Engan)

Oversikta ligg på nav.no

Sak 14-25-2 Realkompetansevurdering og dagpengeyting

Studiastaden har ingen forpliktingar overfor andre enn sine egne studentar. Så du må søke opptak ved ein studiestad for å få realkompetansevurdering. Du kan ta utdanning eller opplæring samtidig som du får dagpengar. Men det er visse vilkår. Du må søke om å kombinere dagpengar med utdanning og du må vera reell arbeidssøkar. For utdjujing sjå vedlagte presentasjon frå møtet,

Sak 18-25-2 Avkorting av uføretrygd ved deltidsjobb. Vedtak om uttale, oppfølging av sak frå førre møte.

Endring er nå vedtatt i Stortinget. Fribeløpet for uføretrygda skal aukast frå dagens 0,4 G (ca. 52 000 kr) til 1 G (ca. 130 000 kr). Det betyr at du kan tene opptil éin G (folketrygdas grunnbeløp) utan at uføretrygda blir avkorta. Aukinga trer i kraft frå **1. oktober 2026**, med gradvis opptrapping, og skal være fullt innført frå **1. januar 2027**.

Sak 33-25 Servicetenesta til Nav Hjelpemiddelsentral

Sak 34-25 Korleis søker ein hjelpemidlar

Sak 33 og 34-25 ble presentert samla av avdelingsdirektør Frode Hovland frå Hjelpemiddelsentralen i Førde. Servicetenesta (55 55 11 11) er ei ny nasjonal landsdekkande teneste på hjelpemiddelområdet. Den gir råd og rettleiing i første instans og er for brukarar, kommunane og andre samarbeidspartar. Servicetenesta starta opp 3/3-25. pr november 2025 har dei tatt i mot 130.000 samtaler, svarprosenten ligg no på 90% med kø tid på 1,39. Servicetenesta skal gje betre tilgjenge, likare tenester og raskare hjelp. For informasjon og søknad om hjelpemiddel blir det anbefalt å nytte kunnskapsbanken.net [Kunnskapsbanken | En kunnskapsbank om hjelpemidler og tilrettelegging](#). Her er det god rettleiing med fleire søkeval som område (eks arbeid og utdanning) og funksjon (eks Bevegelse). I tillegg er ergoterapitenesta i kommunen ei god hjelpeinstans. Vilkår for hjelpemidlar er sjukdom, skade eller lyte med varigheit over ca. 2 år. Hjelpemiddelet skal vera nødvendig og hensiktsmessig for å betre funksjonsevna for å behalde arbeid eller få hjelp i heimen. Foreiningane blir oppfordra til å invitere representantar frå Nav Hjelpemiddelsentral til sine møte for å gje informasjon (presentasjon vedlagt)

Sak 35-25 Tilgang på lønstilskot

Egil Aas frå Nav Vestland presenterte bruken av midlertidig lønstilskot pr september 2025. sjå vedlagte lysark. Kwart år får Nav Vestland tildelt eit betydeleg tiltaksbudsjett. Dette blir budsjettmessig fordelt på tiltaksområde, månader og einingar. Det er ikkje høve til å bruke meir pengar enn den budsjettmessige tildelinga. Som presentasjonen viste hadde vi pr september eit samla meirforbruk på tiltaksplassar på 476. Av dette var 104 tiltaksplassar midlertidig lønstilskot. Det er mao ikkje slik at brukarane får eit redusert tilbod om tilbak.

Sak 36-25 Møteplan 2026

Første møte blir 6/2 hos Nav Vestland i C. Sundts gt. 29. Forslag på resten av møteplanen er: 29/4, 3/9 og 10/12

Sak 37-25 Evaluering

Aktuelle saker, givande møte, veldig bra, engasjerande innhald, gode saker, godt tilrettelagt, kanskje litt mange saker, må sikre at dei som har meldt inn spesielle behov for mat faktisk får denne.